

Prosedyrer heimekamp for HERRELAGET 5.divisjon - 2026

Kiosk er ei viktig inntektskjelde for klubben -og eit viktig virkemiddel i å lage gode arrangement på Stranda Stadion. Sunnmøre Fotballkrets har også lagt føringar for arrangementsnivået i seniorklassa.

KIOSK: Herrekamp →

- Hente og signere ut skrinet på ESSO.
- Herrekamp: Person 1: 90 minutt før kampstart -til pauseslutt.
Person 2: 30 minutt før kampstart -til kampslutt.
Person 3: Kampstart til kampslutt
- Sett på kaffi etter behov. Start med 4 kanner
- Lage vaffelrøre til dommarmøte – 10 heile vaffel på fat. (sylte) – møterom.
- Dommermøte startar i møterom 75 minutt før kampstart. 6 stk koppar og fat.
Dommarar skal ha 1 stk brus og 1 stk sjokolade med seg i garderoba.
- Klargjer kiosk for salg: Open kiosk 45 minutt før kampstart og til kampslutt.
- Person 3: Gå rundt med salgsvogn rett før pause på langsida ved reklameskilt.

Kampverten →

- Ta imot: Ønske velkommen til bortelag og dommarar og henvise garderober.
Fruktfat: Tilberede 2 store fat med dagens frukt som står i kjøleskapet.
Dommarar litt frukt i 3 stk beger. Klargjerast til møterom 75 minutt før kampstart.
Møterom: Dekkast på til 6 stk personar – fat, koppar/t-fat + mineralvatn (3-4 flasker)
Heimelaget skal ha fruktfat og 1 kanne kaffe i storsalen 75 minutt før kampstart.
Bortelaget: Fruktfat og 1 kanne kaffe i garderoba 75 minutt før kampstart.
Plastfolie på fruktfata.
Fat, kaffekanner osv. som er i garderober skal bringast tilbake til kiosk etter kamp.
Norske Flagg: Heising opp -og firing ned før og etter kamp.

Ballhentarar; gutar og jenter:

Oppmøte 30 minutt før kampstart – har med ein voksen ansvarleg.
Ballhentarane får utdelt vestar som representerer oppgava rundt bana.
Ballhentarane får tippe resultatet av kampen - vinnar får velge noko i kiosken (1 stk vare)
Saft og pizza/vaffel i pausa inne i storsalen. Kioskansvarlege lagar til dette.

Opptelling av kassabeholdning:

2 personar signerer og pengekonvolutt leggst i postkassa.

ALLE herrekampar vert filma i 2026!

HUSK; Rydde og vaske kjøkken.